



Kjell Yri strekar under at dei ikkje skal sprøyta "palma", men smørja Roundup på den avkutta stengelen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det skal nyttast Roundup under "krigen" mot kjempebjønnekjeks i Uskedalen, men den skal ikkje sprøyast, men smørjast på planta. Det blir understreka av han som har teke initiativet til og står i spissen for tiltaket, Kjell Yri , overfor uskedalen.no.

Tor Jarle Kjærland har på denne plass kritisert den planlagte bruk av Roundup, men han gjekk ut ifrå at det skulle sprøytast med det resultat at all vegetasjon vart fjerna.

- Det skal ikkje skje. Vi skal kutta av stengelen nede ved rota og deretter smørja Roundup med pensel på den avkutta stengelen. På den måten drep vi ikkje rundtliggjande vegetasjon, seier Yri.

Ved å fjerna all vegetasjon gjev ein frø som ligg i jorda lys- og spire-vilkår. Resultatet er om mogeleg ein endå frodigare ugraskultur enn ein hadde før, påpeika Kjærland.

Ellers er det skrive mykje om både tromsøpalme og kjempebjønnekjeks av ekspertar land og strand rundt. Ragnhild Renna i Vesterålen forsøksring skriv til dømes at den andre i likheit med den første er ein aggressiv vekst og syner den same tendens til å spreia seg. Også ho skriv at dei to kan forvekslast, men presiserer at kjempebjønnekjeks har meir flika blad enn slektningen sin.

Med tromsøpalmen har ho gjort den erfaring at det tek "makta" heilt hvis den ikkje blir bekjempa effektivt. Den skygger for og konkurrerer ut andre vekster i ein slik grad at det er umogeleg for andre å etablera seg.

Av Ola Matti Mathisen